# Protokoll frå årsmøte i Ryssholmen båteigarlag - 2025

**17.03.2025 forsamlingshuset Ljosheim, Ulsteinvik**

1.1 Velkomsthelsing v/leiar Harald Andreas Sætre.

2.1 Harald Andreas Sætre samrøystes valt til ordstyrar.

2.2 Cato Hansrud samrøystes valt til referent.

2.3 Pål Apelseth og Geir Pettersen samrøystes valt til å signere protokoll.

3.1 Innkalling samrøystes godkjent utan merknadar.

3.2 Sakliste samrøystes godkjent utan merknadar.

4.1 23 medlemmar deltok på årsmøtet.

4.2 Det er for tida 160 betalande medlemmar i båteigarlaget.

5.1 Årsmelding lest opp av Cato Hansrud.

6.1 Kasserar Ole Theodor Hovden informerte om rekneskapen. Rekneskap godkjent utan merknadar. Informerte også om bakgrunn for avslag på momskompensasjon i 2024.

7. Vedtekter. Ingen forslag til endring.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 8.1 | **Fastsette kontingent frå 2025:** | kr 1000,- | Samrøystes |
| 8.2 | Båtplassleige frå 2025: | | |
| | Plassar under 25 m2 | kr 1800.- | Samrøystes |
| | Plassar over 25 m2 | kr 2000.- | Samrøystes |

8.3 **Fastsette timelønn ved arbeid på fellesanlegg frå 2025:**

kr 275.- Samrøystes Sjå også sak 9.2.

8.4 **Fastsette godtgjersle til styremedlemmane frå 2025:**

| | | |
|---|---|---|
| Formann: | kr 19000,- | Samrøystes |
| Kasserar: | kr 10000,- | Samrøystes |
| Nestformann: | kr 5000,- | Samrøystes |
| Sekretær: | kr 3000,- | Samrøystes |

8.5 **Prisar frå 2025 for bruk av:**

| | |
|---|---|
| Slipp: kr 50 for medlem/kr 200 ikkje medl. | Samrøystes |
| Slipp naust: kr 300,-,+50,- døgn | Samrøystes |

500 kr i gebyr for ulovleg parkering av båtvogner, som tidlegare fastsett.

8.6 **Straum:** kr 1,5 per kwh frå 2025 Samrøystes

## 9 Behandling av andre saker/innkomne forslag

### 9.1 Vedlikehald

Grusing av veg. Vert organisert mellom medlemmane som tidlegare. Ingen innvendingar. Vert gjennomført.

### 9.2 Skifte av tak på naustet til Ryssholmen båteigarlag

Styret foreslår å skifte tak på naustet. Viser til sak på årsmøtet i 2024. Formann informerte om nytt tilbod frå Byggfag der materialkostnaden kjem på ca. 60000.-. Mogleg at pris har auka meir i etterkant. Arbeidet er estimert til ca. 37 timer. Kan få medlemmer til og gjere jobben mot ei betaling på kr 275.- per time.

Ingen innvendingar og skifte av tak vert gjennomført dersom nokon vil gjere jobben.

Timeløn for arbeid på fellesanlegg er per i dag kr 200,-. Det kom spørsmål om kvifor timepris er høgare for skifte av tak. Leiar kom med forslag om å endre timesatsen for alt arbeid på fellesanlegg til kr 275,- per time. Dette vart samrøystes vedteke. Sjå sak 8.3.

### 9.3 Utskifting av D-brygga - sak innsendt av bryggeformann Lindor Skeide

Prisoverslag vedlagt årsmøteinnkallinga. Viser også til sak på årsmøtet i 2024. Dette er ikkje noko styret kan avgjere, men båteigarlaget/bryggeeigarane. Bryggeformann informerte om at mange av bryggeeigarane vil ha nytt/ikkje renovere. Må få med over halvparten av eigarane for å gå vidare med planen. Bryggeformann kjem tilbake til styret med liste over namn på alle som vil betale for ny brygge og ev. dei som har ynskje om å bytte båtplass.

### 9.4 Rekkverk autovern – søndre molo

Leiar informerte om innkome tilbod. Styret har vurdert kost/nytte og vurderer at prisen vert for høg. Samrøystes vedteke å ikkje gå vidare med dette. Vedteke å sjå på løysing for ein enklare kant framfor parkeringsplassane nord for dei 8 nye nausta. Vurdere bruk av naturstein, ferdige blokker som kan borast fast eller liknande. Vedteke å få dette utført dersom nokon av medlemmane tek det på seg.

### 9.5 Oppgradering varmekabel for vatn på gjestebrygge

Leiar informerte om pris. Samrøystes vedteke å gå vidare med dette dersom noko av medlemmane tek jobben.

### 9.6 Ekstra betaling

Pålegge medlemmar som ikkje gjev beskjed om at dei leiger ut båtplassen om at dei må betale ekstra båtplassleige og medlemskap sjølve. Vedteke.

### 9.7 Informasjon/orienteringsaker

-Leiar informerte kort om grøft\drenering som må utbetrast i området mot naust på sørside av søndre molo (Tømmerbakk). Ved store nedbørsmengder klarer ikkje grøfta ta unna vatnet og det fløymer over og inn mot naustvegg. Leiar foreslår å ta dette samtidig som nausteigarar ev. skal grave for teknisk infrastruktur\kloakkledning i høve omregulering til rorbuer. Om prosessen med kloakk ikkje blir gjennomført må Ryssholmen Båteigarlag sjølve stå for kost av graving\røyrleggjng.

-Styret v/nestleiar Jørn Skår informerte kort om pågåande sak kring omregulering av naust til rorbuer.

Styret v/Jørn Skår og Cato Hansrud har sendt tilbakemelding på vegne av grunneigar Ryssholmen båteigarlag til Ose AS i høve offentleg høyring kring detaljregulering for Ryssholmen rorbuer. Tilbakemelding sendt til Ose AS samsvarar med innspel frå båteigarlaget på årsmøtet i 2024, vedlagt protokollen frå årsmøtet. Leiar og kasserar i styret for Ryssholmen båteigarlag er nausteigarar og har ikkje vore involvert i denne prosessen.

Nestleiar informerte også om innkome innspel frå medlem i høve forslag til endring av reguleringsplan\arealutnytting. Årsmøtet diskuterte innspelet men saka blei ikkje vurdert nødvendig å stemme over. Styret ved Jørn Skår og Cato Hansrud vil gi ytterlegare innspel der ein presiserer at området rundt naust\rorbuer er eigd av Ryssholmen Båteigarlag og skal være fritt tilgjengeleg for alle. Dersom omreguleringa krev parkeringsplassar utover eksisterande avtale per naust så må nausteigarane kontakte Ryssholmen Båteigarlag for å få i stand ein avtale.

Det er mogleg for alle å kome med innspel i prosessen. Fristen for innspel er forlenga til 21.03.2025.

12 **Val**

Før gjennomføring av val stilte leiar og kasserar spørsmål om årsmøtet meiner dei ikkje er habile for verv i styret med tanke på at dei også er nausteigarar. Årsmøtet var samrøystes på at dette ikkje er eit problem.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 12.1 | **Formann:** | Harald Andreas Sætre | attvalt for eitt år |
| 12.2 | **Styremedlemmar:** | | |
| | **Nestformann:** | Jørn Skår | attvalt for eitt år |
| | **Sekretær:** | Cato Hansrud | ikkje på val (2024-2026) |
| | **Kasserar:** | Ole Theodor Hovden | attvalt for eitt år |
| 12.3 | **To Varamedlemmar** | Tove Svensen | attvalt – 2025-2027 |
| | | Frank R..Djupvik | attvalt – 2025-2027 |
| 12.4 | **Valnemd** | Ottar Håkonsholm | samrøystes - 2025-2027 |
| | | Ronny Abrahamsen | samrøystes – 2025-2027 |
| 12.5 | **Revisor** | ikkje pålagt med revisor – går ut | |
| 12.6 | **Bryggeformann A-brygga** | Børge Skeide | samrøystes |
| | **Bryggeformann B-brygga** | Ivan Brandal | samrøystes |

| | | |
|---|---|---|
| **Bryggeformann C-brygga** | Leif H. Scheide | samrøystes |
| **Bryggeformann D-brygga** | Lindor Skeide | samrøystes |
| **Bryggeformann E-brygga** | Helge Skeide | samrøystes |
| **Bryggeformann F-brygga** | Eldar Vik | samrøystes |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 12.7 | **Anleggsansvarleg - Opptrekk/naust** | Nestformann, Jørn Skår | samrøystes |
| 12.8 | **Kjøp/sal båtplassar** | Formann Harald A. Sætre | samrøystes |
| 12.9 | **Bryggekart** | Berit Cecilie Skeide | samrøystes |

13 **Eventuelt**

13.1 Rigmor K Søvik vart trekt ut som vinnar av gratis kontingent for 2025.

13.2 Båtplassar til leige

Det er alltid pågang frå folk som er interessert i båtplass. Dei tek kontakt med ansvarleg for kjøp/sal av båtplassar.

Dersom du ikkje skal bruke plassen din denne sesongen, gi beskjed til formann på R yssholmen@gmail.com dersom du kan leige ut, så kan vi hjelpe til å formidle.

Husk at du står fritt til å leige ut til den du vil, men styret MÅ ha beskjed om kven som leiger. All info på heimesida til båteigarlaget, ryssholmen.no.

13.3 Innløysing av båtplassar

Styret minner om at eigarar av båtplassar som ikkje er nytta på 5 år blir kontakta for utløysing av båtplassen.

13.4 Betaling med Vipps

Vippsnummer til Ryssholmen båteigarlag er: 106313

Det er mogleg å betale med Vipps for bruk av slipp og gjestebrygge, kontingentbetaling og båtplassleige.

13.5 Medlemmar skal ikkje kontakte rekneskapsfirmaet direkte.

Bryggeansvarleg og medlemmar skal kontakte styret via mail til Ryssholmen. Båteigarlaget vert fakturert for alle spørsmål kring faktura og anna.

**14 Avslutning**

Formann avslutta med å takke for oppmøtet og ynskje vel heim.

Årsmøtet avslutta klokka 19:30

Referent

| | | |
|---|---|---|
| ------------------------------ | ------------------------------ | ------------------------------ |
| Cato Hansrud | Pål Apelseth | Geir Pettersen |